



Haustetidsvurderingar veke 39

Måndag 25. september vart det tatt prøver av Aroma.

Sorten er no hausteklar. Tidege felt har starta haustinga, seinare felt kan og bør byrje utover denne veka. Grunna det milde været går utviklinga fort.

Hugs på at er dei best utvikla epla i hagane haustetidsprøvane er frå. Difor er det viktig at ein plukkar i fleire omgangar når haustinga startar og at ein berre plukkar epla som er hausteklare. Dette for å halde god og jamn kvalitet på frukta som vert sendt til mottaket og vidare ut i marknaden.

Dette er siste haustetidsvurderinga for i år.

Aroma

Optimalverdiar ved hausting

Grunnfarge: C3

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 6-8 kg/cm²

Sukkerinnhald: Min 11,2

Stiveinnhald: 4-6

Streif-index: 0,09-0,2

Dyrkar	K.O Loen			K. Kleppe		M. Andenes	
Stad	Loen			Innvik		Sandane	
Prøve nr	1			2		3	
Dato	18.09.23	25.09.23		18.09.23	25.09.23	18.09.23	25.09.23
Sort/Klon	Aroma Fagravoll	Aroma Fagravoll	Aroma Ylvisåker	Aroma Fagravoll	Aroma Fagravoll	Aroma Ylvisåker	Aroma Ylvisåker
Fruktvekt g	160,6	138,3	174,6	187,1	183,4	184,7	187,1
Grunnfarge	C2	C2-C3	C3-C4	C2-C3	C2-C3	C2-C3	C2-C3
Fastleik	6,6	6,9	6,62	6,25	6,3	7	6,3
Sukker	9,82	10,37	10,72	11,11	11,03	10,63	10,3
Stive	4,1	5	5	4,25	5,7	4,3	6,1
Streif	0,16	0,13	0,12	0,13	0,10	0,15	0,10



Det er godt utvikla dekkfarge, men det er framleis litt for grøn grunnfarge på ein del av frukta. Ser ein på stiveinnhaldet, varierer dette ein del og fleire eple er kome for langt. Ein ser at Ylvisåker har meir utvikla grunnfarge enn Fagravoll, sjølv om stiveutviklinga litt litt etter.



Aroma Ylvisåker, Loen.



Aroma Fagravoll, Innvik





Norsk
Landbruksrådgiving

Vest



Aroma Ylvisåker, Sandane

Helsing NLR Vest v/ Synneve Øien Frøyen